

Tabell C-k

Saker med særskild fordeling for kommunane 2023

Følgjande saker er gitt ei særskild fordeling innanfor innbyggjartilskotet i 2023:

Kol.	Sak	Beløp i 1000 kr
1	Inndelingstilskot	1 472 034
2	Trekk Nannestad og Ullensaker	-19 350
3	Helsestasjons- og skulehelseteneste	987 447
4	Korreksjon, barnevern Oslo kommune	-192 339
5	Kompensasjon for endringar i regelverket for eigedomsskatt	237 200
6	Differensiert arbeidsgjevaravgift, endringar	-4 528
7	Kompensasjon ansvarsovertaking barnevernet	928 113
8	Gratis barnehage i tiltakssonen i Finnmark og Nord-Troms	77 200
9	Grunnskuletilskot	1 286 498
10	Trekk for Råde og Våler, innbyggjartal	-19 096
11	Trekk for ekstraordinære konsesjonskraftinntekter	-2 200 000
12	Sum	2 553 179

For fleire av sakene er beløpet frå 2022 prisjustert med anslått pris- og lønnsvekst frå 2022 til 2023 (kommunal deflator). Den kommunale deflatoren for 2023 er anslått til 3,7 prosent.

Kolonne 1 – Inndelingstilskot

Inndelingstilskotet er ei kompensasjonsordning for kommunar som slår seg saman og skal kompensere kommunane for ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av samanslutninga. Inndelingstilskotet kompenserer for bortfall av basistilskot og ein eventuell netto nedgang i distriktstilskot. To kommunar som har slått seg saman vil få eit basistilskot på same måte som andre kommunar i utgiftsutjamninga, mot to basistilskot før samanslåinga. Den samanslåtte kommunen blir difor kompensert gjennom inndelingstilskotet for bortfall av eit basistilskot. Dersom ein samanslått kommune får mindre i distriktstilskot enn kommunane ville fått kvar for seg, blir kommunen gjennom inndelingstilskotet kompensert for differansen mellom det den samanslåtte kommunen får og det dei ville fått kvar for seg.

Inndelingstilskotet blir gjeve frå det året samanslåinga trer i kraft. Kommunane får fullt tilskot i 15 år, før det deretter blir trappa gradvis ned over fem år. For kommunar som slo seg saman i perioden 2014–2017 (kommunereforma) blir inndelingstilskotet rekna ut frå gjeldande inntektssystem i 2016.

I 2023 får 53 kommunar inndelingstilskot. Som følgje av nedtrappinga av inndelingstilskotet, er tilskotet til Bodø kommune redusert til 20 prosent av fullt tilskot, tilskotet til Aure og Vindafjord er redusert til 40 og tilskotet til Kristiansund er redusert til 80 prosent av fullt tilskot.

Inndelingstilskotet i 2023 er prisjustert med kommunal deflator.

Kolonne 2 – Trekk Nannestad og Ullensaker

Nannestad og Ullensaker fekk i perioden 1993–2008 finansieringsbistand i form av skjønsmidlar i samband med etableringa av Oslo Lufthamn, Gardermoen. Totalt har

kommunane motteke 735,5 mill. kroner, der 387 mill. kroner skal betalast tilbake i 20 like store avdrag frå og med 2009. Dette blir gjort ved eit trekk i rammetilskotet til Nannestad og Ullensaker på høvesvis 7,43 og 11,92 mill. kroner årleg t.o.m. 2028. Trekket blir ikkje prisjustert.

Kolonne 3 – Helsestasjons- og skulehelseteneste

Sidan 2014 er det løyvd midlar til helsestasjons- og skulehelsetenesta via rammetilskotet, fordelt med ei særskilt fordeling. For 2023 er det samla beløpet til fordeling prisjustert med kommunal deflator, og utgjer til saman 987,4 mill. kroner. Midlane er føreslått fordelt til kommunane basert på talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på 100 000 kroner per kommune.

Kolonne 4 – Korreksjon barnevern, uttrekk Oslo kommune

Dei seinare åra har kommunane fått eit større ansvar for medfinansiering for det statlege barnevernet, og det er lagt inn ein auke i rammetilskotet til kommunane for å kompensere kommunane for dette. Desse midla er i hovudsak fordelt etter kostnadsnøkkelen for barnevern.

Endringar i den kommunale medfinansieringa av det statlege barnevernet gjeld ikkje Oslo kommune, som òg har ansvaret for den statlege delen av barnevernet i Oslo. Sidan det ikkje er teknisk mogleg å halde Oslo kommune utanfor fordelinga av midlane etter kostnadsnøkkelen blir rammetilskotet til Oslo kommune korrigert for dette, slik at Oslo skal gå i null på desse endringane.

Korreksjonen for Oslo kommune i 2023 består av tre ulike saker:

- Auka kommunal medfinansiering av det statlege barnevernet frå 2015, jf. tabell C i Grønt hefte for 2015. Det berekna uttrekket i 2015 er prisjustert for 2023.
- Barnevernsreforma frå 2022, jf. tabell C-k i Grønt hefte for 2022. Det berekna uttrekket i 2022 er prisjustert for 2023.
- Ny kompensasjon som følgje av barnevernsreforma i 2023, med ein auke i rammetilskotet på 498 mill. kroner. På tilsvarande måte som ved kompensasjonen for barnevernsreforma i 2022 er halvparten av desse midlane fordelt etter kostnadsnøkkelen i 2023 og den andre halvparten etter kommunanes faktiske bruk av barnevernstiltak før reforma. For at denne endringa ikkje skal påverke rammetilskotet til Oslo kommune blir det lagt inn ein ny korreksjon på 42,556 mill. kroner i 2023. Sjå òg skildringa av kolonne 7.

Kolonne 5 – Kompensasjon for endringar i regelverket for eigedomsskatt

I statsbudsjettet for 2019 vart det satt av 71 mill. kroner til å kompensere kommunar som får reduserte inntekter som følgje av at dei ikkje lenger kunne krevje inn eigedomsskatt på produksjonsutstyr og -installasjonar. I 2019 var kompensasjonen ein del av skjønstilskotet. I 2020 vart kompensasjonen auka til 143 mill. kroner, og flytta over til innbyggjartilskotet (tabell C). I 2021 og 2022 vart kompensasjonen auka til 174,4 og 205,8 mill. kroner, og i 2023 er kompensasjonen 237,2 mill. kroner.

Kompensasjonen blir berekna på grunnlag av kommunane si rapportering av skattegrunnlaget for dei aktuelle eigedomane for 2018 og 2019, kopla saman med skattesatsen som kommunane rapporterte inn til KOSTRA. Kommunane er kompenserte fullt ut utover ein gitt eigendel per innbyggjar. Eigendelen i 2023 er om lag 385 kroner per innbyggjar.

Kolonne 6 – Gradvis innføring av endringar i differensiert arbeidsgjevaravgift

Frå 1. januar 2022 gjeld nytt verkeområde for differensiert arbeidsgjevaravgift (DA), med endringar i soner for 14 kommunar, medrekna gamle kommunar som er del av nye kommunar. Kvar einskild kommune som fekk endra avgiftssats i 2022 fekk full kompensasjon eller trekk i rammetilskotet i 2022, basert på korleis avgiftsendrainga slår ut. Nytt avgiftsnivå blir etter det fasa inn ved at kompensasjonen eller trekket blir trappa ned over seks år, som er i samsvar med ny periode for DA-ordninga.

Kompensasjonen eller trekket i 2022 er prisjustert i 2023 og deretter satt til 5/6 av den prisjusterte kompensasjonen eller trekket i 2022.

Kolonne 7 – Kompensasjon for ansvarsovertaking i barnevernet

Frå 2022 er det innført ein barnevernsreform, som mellom anna gir kommunane auka fagleg og økonomisk ansvar. Som kompensasjon for det auka finansielle ansvaret, ble rammetilskotet til kommunane auka med 1 310 mill. kroner i 2022. I 2023 er kompensasjonen ytterlegare auka med 498 mill. kroner.

Kompensasjonen skal på sikt fordelast etter kostnadsnøkkelen for barnevern i sin heilskap. For å redusere risikoen for den einskilde kommune er det lagt opp ein overgangsperiode på tre år. I 2022, 2023 og 2024 vil difor halvparten av kompensasjonen bli fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnevern, mens halvparten blir fordelt særskilt etter bruken av barnevernstiltak før reforma (basert på regnskapsåret 2020).

Det auka ansvaret for barnevernet er eit ansvar Oslo allereie har. Oslo kommune får derfor ikkje kompensasjon som følgje av det auka finansieringsansvaret for dei andre kommunane i landet, jf. kolonne 4.

Kolonne 8 – Gratis barnehage i tiltakssonen i Finnmark og Nord-Troms

Regjeringa foreslår å innføre gratis barnehage for 1-5 åringar i tiltakszona i Finnmark og Troms frå 1. august 2023. Som kompensasjon blir rammetilskotet auka med 77,2 mill. kroner, og midlane blir fordelte særskilt til desse kommunane. Midlane er fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnehage, til dei aktuelle kommunane.

Kolonne 9 – Grunnskoletilskot

I 2022 vart det innført eit nytt tilskot på 500 000 kroner per kommunale grunnskole i kommunen. Tilskotet blir gitt med ei særskild fordeling basert på tal over grunnskolar i kommunane i skoleåret 2021/2022.

Satsen er prisjustert i 2023, og er 519 000 kroner per grunnskole.

Kolonne 10 – Trekk på grunn av for høgt innbyggjartal

I utrekninga av innbyggjartilskotet til den einskilde kommune i 2023 blir det nytta innbyggjartal per 1. juli 2022, henta frå folkeregisteret. På grunn av situasjonen med mottak av flyktningar frå Ukraina til transittmottak i kommunen, har kommunane Råde og Våler (i Viken) eit for høgt registrert innbyggjartal per 1. juli. Råde og Våler hadde hhv. 597 og 72 personer folkeregistrert på asylmottak i kommunen, som ikkje skal ha varig opphald i kommunen. Innbyggjartilskotet til Råde og Våler er derfor korrigert for dette. Korreksjonen er lik gjennomsnittleg innbyggjartilskot, multiplisert med talet på personar som ikkje skal ha varig opphald i kommunen.

Kolonne 11 – Trekk ekstraordinære konsesjonskraftinntekter

I 2023 foreslår Regjeringa eit eittårig trekk i rammetilskotet på til saman 3 mrd. kroner frå kommunar og fylkeskommunar som har konsesjonskraftinntekter og som ligg i områda med høgast prisar (høgprisområda NO 1, NO 2 og NO 5), fordelt med 2,2 mrd. kroner på kommunane og 0,8 mrd. kroner på fylkeskommunane. Sjø Prop. 1 S (2022-2023) for ein nærare omtale av trekket. Uttrekket er foreløpig ikkje fordelt mellom kommunane, og ligg som eit ufordelt beløp i tabellen.

Kolonne 12 – Sum saker med særskild fordeling

Summen av kolonnane 1–11. Talet er nytta i tabell 2-k, kolonne 3. Midlane er lagde inn i innbyggjartilskotet, og er i hovudsak haldne utanfor i utrekninga av inntektsgarantiordninga.